

Framlegg til endring av vedtekter for Alver Kulturråd

Bakgrunnen for forslaget er å:

- *Klargjera Alver Kulturråd sitt føremål*
- *Få ein tydeleg definisjon av organisasjonen si oppbygging*
- *Få på plass gode kriterier for medlemskap i Alver Kulturråd*

Dette inneber:

- Presiseringar i §1, og flytting av kriteria for medlemskap frå §1 til §4.
- §2 er utvida med definisjon av styresamansetninga, og retningslinjer for samansetting av styret med tanke på kjønn, mangfald og breidde.
- Skifte namn på §4 fra «Kontingent» til «Medlemskap», som også dekkjer punktet om kontingent.

Foreslåtte endringar pr. paragraf:

Gjeldande paragraf:

§ 1 Føremål

Alver Kulturråd skal arbeida for best moglege tilhøve for kulturen i Alver kommune. Kulturrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom frivillege lag og organisasjonar innan kulturfeltet, som ikkje høyrer inn under NIF (Norges idrettsforbund). Lag som i hovudsak er registrert i frivillegregisteret, kan verte medlemmer.

Rådet skal vere partipolitisk nøytralt.

Framlegg til endring:

§ 1 Føremål

Alver Kulturråd skal arbeida for best moglege tilhøve for kulturen i Alver kommune. Kulturrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom frivillege lag og organisasjonar innan kulturfeltet. Rådet skal vere partipolitisk nøytralt og livssynsnøytralt.

Gjeldande paragraf:

§ 2 Organisasjon

Alver Kulturråd er eit organ for alle lag og organisasjonar nemnt under § 1 og som er medlem av kulturrådet.

Framlegg til endring:

§ 2 Organisasjon

Styret skal bestå av 1 leiar, 6 styremedlemer og 2 varamedlemer. Leiar og styremedlemmane vert valde av og innan medlemslaga sine medlemmar. Styremedlemmar vert valde for 2 år i rotasjon.

Styret i Alver Kulturråd skal spegle breidda og mangfaldet i samfunnet vårt. Det skal tilstrebast ei balansert kjønnsfordeling. Vidare skal det takast omsyn til etnisk, kulturelt og aldersmessig mangfald i samansetninga av styret. Dette er for å sikre at styret kan dra nytte av eit breitt spekter av perspektiv og erfaringar, noko som er avgjerande for å fremje eit inkluderande og mangfaldig kulturliv.

Alver Kulturråd forpliktar seg til å arbeide aktivt og målretta for å oppnå denne samansetninga, og vil ved rekruttering til styret leggje vekt på å identifisere kvalifiserte kandidatar som saman kan bidra til å oppfylle desse måla.

Gjeldande paragraf:

§ 4 Kontingent

Medlemene betaler ikkje kontingent. Kulturrådet sin økonomi vert stetta ved kommunale løyvingar og eventuelle andre eksterne midlar.

Framlegg til endring:

§ 4 Medlemskap

Alle lag og kulturorganisasjonar som har sitt virke innanfor amatørkulturlivet og/eller som har hovudvekta av arbeidet sitt innanfor amatørkulturområdet kan vera medlem av amatørkulturrådet. Idretten er unnateken då den sorterer under Alver Idrettsråd.

Styret har fullmakt til å godkjenna nye medlemmar.

Medlemskap i rådet er gyldig når laget/organisasjonen har stadfesta medlemskapen, og har ein ansvarleg kontaktperson vald av medlemsorganisasjonen.

Medlemslaga betaler ikkje kontingent. Kulturrådet sin økonomi vert stetta ved kommunale løyvingar og eventuelle andre eksterne midlar.

Gjeldande paragraf:

§ 6 Årsmøte (kun endringar i punktet «Årsmøtet skal velja»)

Årsmøtet skal velja:

- a) Styreleiar vald for 1 år
- b) 4 styremedlemer
- c) 2 varamedlemer valde for 1 år om gongen
- d) Valkomitè med leiar og 2 medlemer valde for 1 år

Framlegg til endring:

Årsmøtet skal velja:

- a) Styreleiar vald for 1 år
- b) 3 styremedlemer vald for 2 år
- c) 2 varamedlemer valde for 1 år om gongen
- d) Valkomitè med leiar og 2 medlemer valde for 1 år